FOR 10. GONG:

VOSSA JAZZ

11. - 13. mars 1983



Egil Kapstad

PIANOER – FLYGLER

Grotrian-Steinweg, Vest-Tyskland

Schimmel, Vest-Tyskland

Bentley, England:

Rippen, Holland:

Kvalitet er vår kjenningsmelodi

Vi står til tjeneste for

VOSSA JAZZ

med instrumenter og service

GROTRIAN-STEINWEG:	*Flygel*	*i*	*Voss Kino*
GROTRIAN-STEINWEG:	*Flygel*	*i*	*Klubb Grillen*
SCHIMMEL:	*piano*	*i*	*Klubb Vossevangen*
SCHIMMEL:	*piano*	*i*	*Klubb Fleischer*
SCHIMMEL:	*piano*	*i*	*Voss Kyrkje*
SCHIMMEL:	*piano*	*i*	*Klubb Jazzkafe*

Bergen Pianoforretning

JON SMØRSGATE 9 - 5000 BERGEN - TLF. (05) 23 06 92

INNHALD:



Vossa Jazz - styret	4-5
Billettkontor	7
Jazzkafe	7
Kunstutstilling	9
Voss Foto- og Smalfilmklubb	9
Eldretreff	9
Alkohol- og røykfritt alternativ	11
Ope hus	11
Barnearrangement	11
Jazzkafeopning	13-15
Morten Løberg	17
Blues Union	19
Ytre Suløens Jazzensemble	21
David Murray Quartet	23
Jazz/punk Ensemblet	25
Program	26-27
Son Mu	29
Kjell Hommedal Sextett	31
Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid	31
Ragnar Hovland	33
Vestlandsfanden	35
Kyrkjekonsert	37
New Cool Quartet med Lee Konitz	39
Cutting Edge	41
Halvdan Sivertsen	43
Egil Kapstad	45
Lester Bowie	47
Kart over Vossevangen	52

Velkommen til

VOSSA JAZZ

1983

Nytt i norsk kulturpolitikk er den førestående mediaeksplosjonen og den intense debatten dette fenomenet har skapt. Ein spør seg gjerne kva årsaken til den enorme interressa for debatten kan vera. Alle er samde om ein ting - dei nye media vil trengja seg fram. Ordskiftet dreiar seg om kva form og innhald dei skal få.

Dei som er skeptiske til kva fylgjer den nye situasjonen vil få for viktige kulturovringar, vert gjerne sett på som maskinknusarar.

Vossa Jazz vil verne om levande musikk. Vi vil med vår spede røyst freista marknadsføra konsertopplevinga. Samspelet mellom sal og scene - den kollektive musikkopplevinga vil gå tapt i videoformidlinga.

Festivalen er mediumet for den direkte kommunikasjon - kontakten mellom utøvar og tilhøyrar.

Det seier seg sjøl at framføring av levande musikk kostar meir enn underhaldning på boks. Levande kultur er vårt viktigaste heimevern. Både vi som arbeider med tilskipingar som Vossa Jazz og dei offentlege kulturstyresmaktene må i tida som kjem meir enn nokon gong gjera ein innsats for å ta vare på dette. Sviktar vi i dette arbeidet vil vi drukna i mediateknikk og verta passive mottakarar.

Samstundes som Vossa Jazz gir eit breitt tilbod til publikum, er festivalen resultat av ein enorm innsats frå frivillige. Arbeidet medarbeidarane i Vossa Jazz legg ned i denne tilskipinga er viktig på fleire måtar.

I tider med økonomisk stagnasjon og nedgang ser ein aukande tendens til isolasjon. Kvar og ein har nok med sitt eige.

Vi trur ei slik utvikling er fårleg. Mellomfolkeleg kontakt og forståing er meir enn nokon gong viktig. Jazzen - eit internasjonalt tonespråk - er i så måte eit viktig middel. Samstundes med at Vossa Jazz vil verna om våre eigne kulturelle verdiar ser vi det som viktig også å formidla møte med andre folkeslag og nasjonars musikk og kultur.

Vossa Jazz vert i år skipa til for 10. gong. Ser ein tilbake på tidlegare festival - program og den store variasjonen i tilbodet, må det vera lov å seia at Vossa Jazz har vorte ei viktig brikke i norsk kulturliv.

At Vossa Jazz dette året er ein jubileumsfestival vil mellom anna verta markert med framføring av eit tingingsverk. Egil Kapstad har skrive musikk til minne om pianisten og stilskaparen Bill Evans. Dette prosjektet hadde ikkje vore mogleg utan stønad frå Norsk Kulturråd og Fond For Utøvande Kunstnarar. Ein stor takk til desse for dette.

NRK har dette året konsentrert seg om norske musikarar. Når rikskringkastinga, festivalen og dei offentlege institusjonane på denne måten dreg i same lei, fører dette til gode arbeidsvilkår for norske musikarar. Dette er vi glade for.

Blues-Union - samarbeidet mellom norske og britiske musikarar har vi von om skal føra til eit vidare samkvem over Nordsjøen i tida som kjem. Det vert arbeidd med å få denne kvintetten engasjert i Storbritania og det ligg også føre planer om plateinnspeling.

Det nye tiltaket med konsert i kyrkja trur vi også kan verta ein del av festivalen som finn sin faste plass i programmet.

Tilbodet om innandørs camping har kome i stand med stor velvilje frå Voss Skulestyre. Leiinga ved Voss Ungdomsskule har og vore særs imøtekomande, ein stor takk til desse for det.

Elles vil vi få takka alle annonsørane våre for den stønaden dei gir festivalen vår. Også takk til tolmodige og imøtekomande kreditorar. At mange har kunna venta på pengane sine har gjort arbeidet med å førebu årets festival lettare. Med eit så godt klima i samkvemet mellom festivalen og forretningsforbindelsar og andre som hjelper oss, er vi overtydd om at vi skal kunna skipa til Vossa Jazz også i mange år framover.

Til slutt ein takk til Edruskapsdirektoratet og Tobakkskaderådet som har gjort det mogleg for oss å halda fram med ein alkohol- og røykfri klubb.


Leiinga for Vossa Jazz vil med dette få ynskja deg vel møtt til festivalen og vi vonar du vil få ei triveleg og innhaldsrik helg på Voss.

helsing styret i Vossa Jazz

Lars Mossefinn, Asbjørn Nilsen, Lars Sætre, Alf-Haakon Harlem
Mildrid Tillung, Per Vethe, Nils Kvamsdal, Stein Hanto, Ben Nordby,
Rolf Grundesen, Jørgen Rokne, Dag Helleve, Kjell Sundfjord,
Marta Gjøstein, Olav Dale.

George
Rokne & Co.

Tlf. 12033
5701 Voss



NAD 6050 C kassettspiller og 3020 integrert forsterker.

NAD: KAVIAR OG CHAMPAGNELYD TIL ØL OG PØLSEPRISER

For seriøse Hi-Fi entusiaster verden over har NAD etterhvert blitt ensbetydende med "state of the art"-produkter, til priser som enhver musikkinteressert kan ha råd til.

Ved å legge hovedvekten på de faktorer i konstruksjonen som har med *lydgjengivelsen* å gjøre, har NAD maktet å lage produkter som ofte blir sammenlignet med konkurrenter i langt høyere prisklasser.

Undersøkelser NAD foretok, viste at mer enn halvparten av prisen på lavpris HI-FI produkter gikk til å dekke unødvendige funksjoner som ikke hadde noe med selve lyden å gjøre. NAD så seg også lei på produsenter som lagde dyre og bra forsterkere med høy utgangseffekt og lav forvrengning, mens det billige utstyret ofte hadde data som fikk håret til å reise seg på det musikkinteresserte publikum.

Hvorfor kunne man ikke lage en rimelig forsterker med lavere effekt som likevel var mer enn nok for de fleste situasjoner, men som også hadde data og lydgjengivelse som «storebror»?

Med nordmannen Bjørn Erik Edvardsen i spissen gikk man igang med et slikt prosjekt, og etter en stund så den etterhvert legendariske 3020 forsterkeren dagens lys.

NAD produktene, som inkluderer forsterkere, receivere, tunere og kassettspillere, går nå sin seiersgang over hele verden. Les her hva noen av fagbladene sier i sine tester:

«Hvis man skulle fortelle om NAD 3020's ytelse uten å kjenne pris og utgangseffekt, kunne man lett konkludere at dette er en av vår tids fineste forsterkere.» Stereo Review (USA)

«NAD 3020 er absolutt den forsterker man bør kjøpe!» SUONO (Italia)

«Bjørn Erik Edvardsen har forsynt verden med en usannsynlig, ny klassiker.»
The Absolute Sound (USA) om 3020

«En lydgjengivelse som kan sammenlignes med båndopptagere til mye høyere priser.»
Audio Magazine (USA)
om NAD's kassettspiller

«NAD 7020 er uten tvil en av de beste receivere vi har testet, uansett pris.»
Consumers Guide (USA)

Hvis du ønsker å vite mer om NAD, sender vi deg gjerne brosjyrer og tester. Fyll ut kupongen under eller kontakt oss pr. brev eller telefon:

Erling Neby AS
Ryenbergvn. 70, Oslo 6
Tlf. (02) 19 81 20

Send kupongen til Erling Neby A/S, Ryenbergvn. 70, Oslo 6. Tlf. (02) 19 81 20
Ja takk, send meg opplysninger om NAD

Navn

Adresse

Postnr.

Sted

VOSSA JAZZ Postboks 223 570I VOSS
Kontor: Vangsgata 8 tlf.055-I2690

Billettkontor

Dette vert som tidlegare i Kinovestibylen. Forutan billettar kan du her få kjøpa T-skjorter, jakkemerke, plakatar og plater.

Billettkontoret er ope alle dagar i tida II.00 - 22.00.

---

også dei tilreisande få sjå produkta deira.
Med på utstillinga i år er:

Reidun Bøyum	Dag Mossige
Johannes Flettre	Gullborg Nesheim
Sigmund Gjernes	Randi Hjelmestad Rostrup
Nils Graudo	Edel Rundhaug
Gunnar Kjærland	Synneva Skinntveit
Ivar Kvåle	Åsne Slaattelid
Bodil Moen	Synnøve Tveit
Nilgün Mossefinn	Roger Wagland

program med PER INDREHUS - piano, REIDUN HORVEI - song, ANDREAS FRIIS-JØRGENSEN - song, ROLF PRESTØ - bass, og SIGNE SEIM og MAGNE MYHRA - lyrikk.

OPNINGSTIDER I JAZZKAFEEN

laurdag I2.00 - I9.00
sundag I2.00 - I8.30

Det vert ikkje matservering fredag.



ME FØRER:
BRODERI – SJERF – SJAL – HANSKAR
HUER – DAMEHATTAR
HUSQUARNA SYMASKINER
Velkomen innom



Voss Moteforretning

Skulegata 10
– Tlf. 11 184

3020 integrert forsterker.



NAD: KAVIAR OG CHAMPAGNELYD
TIL ØL OG PØLSEPRISER

For seriøse Hi-Fi entusiaster verden over har NAD etterhvert blitt ensbetydende med "state of the art"-produkter, til priser som enhver musikk-interessert kan ha råd til.

«Bjørn Erik Edvardsen har forsynt verden med en usannsynlig, ny klassiker.»
The Absolute Sound (USA) om 3020

NÅR DET GJELD «MAKKER» klær,

TA TUREN TIL

a-s Smarty

PÅ HESTAVANGEN TLF. 13 111

Advokatene
Sjur Vinje
og
Odd Arne Flage
Medlemmer av Den Norske Adv.forening
Vangsgt. 6, 5701 VOSS

Kunstutstilling

Kunstutstillinga er ein viktig del av jazzkafeen. Også tidlegare år har dette vore eit kjærkome høve for kunstnarar til å få synt fram arbeida sine. Både amatørar og heiltids-kunstnarar er med på utstillinga. Spesielt for amatørane og dei mindre kjende heiltidskunstnarane er det viktig at kunsten vert nytta i slike utradisjonelle samanhengar.

Vossabygda er rik på kunstnarar og under jazzfestivalen kan også dei tilreisande få sjå produkta deira.
Med på utstillinga i år er:

Reidun Bøyum
Johannes Flettre
Sigmund Gjernes
Nils Graudo
Gunnar Kjærland
Ivar Kvåle
Bodil Moen
Nilgün Mossefinn
Dag Mossige
Gullborg Nesheim
Randi Hjelmestad Rostrup
Edel Rundhaug
Synneva Skinntveit
Åsne Slaattelid
Synnøve Tveit
Roger Wagland

Voss Foto- og Smalfilmklubb

VOSS FOTO- OG SMALFILMKLUBB er ein aktiv klubb og har vore med på jazzkafeen fleire år tidlegare. Utstillinga syner bilete i svart/kvitt med fritt motiv.
Medlemmer frå Fotoklubben er også engasjert som fotografar for Vossa Jazz.

Eldretreff

Laurdag I2.mars frå kl.I0.00 vert det eldretreff i Jazzkafeen. Vi meiner det er viktig at den største kulturhendinga i året på Voss, ikkje berre er for dei heilt jazzfrelste.
På eldretreffet vil vi få møta YTRE SULØENS JASSENSEMBLE og andre, med kaffi og kaker attåt. Oppsluttninga frå dei eldre tidlegare har synt at dette er eit populært tiltak.

VOSS
VB
BANK

A/S VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK
Tlf. 11 822

– FORRETNINGSBANKEN FOR VOSS OG OMLAND –

Utleige av:

TURSKI
ALPIN SKI

INTERSPORT VOSS A/S

Tlf. 11 166

INTERSPORT

Røyk- og alkoholfritt alternativ

Dette var eit eksperiment sist år, og var så vellukka at det ser ut til å verta eit årvisst tiltak. Kravet om å ta del i selskapslivet utan å vera med som aktiv eller passiv konsument av tobakksrøyk og alkohol, melder seg med stadig aukande styrke.

Denne tilskipinga er ein parallell til dei andre klubbane og vil gå føre seg i Sosialkjellaren. Statens Edruskapsdirektorat og Statens Tobakkskaderåd har også denne gongen gjort det mogleg å presentera eit spanande program med jazz/rock-gruppa CUTTING EDGE og visesongaren HALVDAN SIVERTSEN med bassisten TERJE NILSEN.

OPE HUS

Dette er eit nytt tiltak og er meint som ein uformell klubb der publikum kan kosa seg og høyra på eit samansett program. Staden er den nye puben på Hotell Vossevangen og desse vil syta for at tida fram til kyrkjekonserten ikkje vert keisam: Setesdalspelemennene HALLVARD T. BJØRGUM og GUNNAR STUBSEID, husorkesteret i Voss Jazzklubb - KJELL HOMMEDAL SEXTETT, forfattaren RAGNAR HOVLAND og visegruppa VESTLANDSFANDEN:

Barnearrangement

Også dei minste skal få vera med på jazzfestivalen. Denne gongen har vi fått tak i nokon som alle kjenner og veit å setja pris på - HALVDAN SIVERTSEN og LABBETUSS. I barne-TV har desse to med sine lune innfall og skøyarstreker sjarmert både store og små.
Sundag I3.Mars kl.I5.00 kan vi få møta dei begge i Gymnastikk-salen på Voss Gymnas. Om nokon skulle vera i tvil, kan vi fortelja at det som vanleg er den allsidige GEIR BØRRESEN som gir liv til hunden Labbetuss.

Godt utval i TOPP instrument



Selmer, Conn } Blåseinstrument

Exelsior, Viktoria, Titano. } Trekkspill

Hohner: torader

Diamond, Yamaha } Orgel - Piano

Fender, Terada. } Forsterker - Gitar

TENSAI musikkanlegg

Stemming - Reparasjoner

Marcato

MUSIKKHANDEL

JOHS. & B. MANDELID

VOSS

Jazzkafeopning



PER INDREHUS, musikklærar ved Voss Folkehøgskule, har vore ein svært aktiv mann i musikklivet på Voss. I Vossa Jazz samanheng er han veteran, han har vore med på fleire festivalar tidlegare. PER INDREHUS har arbeidd mykje med folkemusikk som han har laga nye arrangement til. Dette har han gjort på ein slik måte at dei gamle folketonane ikkje har mist særpreget sitt.
Han har ikkje berre arbeidd med folkemusikk, han har også sett tone til dikt av mellom andre Per Sivle, Tor Jonsson, Hans Børli, Olav H. Hauge, Magne Myhra og Signe Seim.
I desse dagar held PER INDREHUS på med plateinnspeling for plateselskapet På Norsk. Plata kjem til å innehalda dikt av Olav H. Hauge og Hans Børli tonesett og arrangert av Per Indrehus.

REIDUN HORVEI er ferdig utdanna ved Bergen Musikkonservatorium til våren, og ho har også tidlegare vore med på Vossa Jazz.

ANDREAS FRIIS-JØRGENSEN har arbeidd mykje med teater, og han har mellom anna vore med i teatergruppa Harlequin.

ROLF PRESTØ - bass, er ein av dei leiande på sitt instrument i Bergen, der han har vore med i fleire jazzgrupper.

I vår butikk finner du
topputvalg i HI-FI utstyr.
To platebarer, pop i
1. etg., jazz og
klassisk i underetg.
Personlig og faglig
service.

BMH
Bergens·Musik·Handel

WALKENDORFFSGT. 4.
(VED TINGHUSET) TLF. 21 43 88

Dyrdal sko


Reparasjonsverkstad

VOSS BRANDTRYGDELAG
5700 VOSS

Tlf. Voss 11 161


HERREKLÆR A/S

Signe Seim



SIGNE SEIM har fått svært god kritikk av den siste diktsamlinga si, Det kvite landet, som kom ut i I982. Dette kan kanskje hjelpa til å få fleire til å få augo opp for denne fine lyrikaren som debuterte i I960 med Trø varleg min fot. Den neste diktsamlinga, I stillaste timen, kom i I965, i I972 gav ho ut Etter lang vandring, og i I979 kom Sju frostnetter.
Ho har også skrive skodespel, Tre skodespel kom ut i I975.

Magne Myhra



MAGNE MYHRA har opplevd det som alt for få lyrikarar opplever, å få fyrsteopplaget av ei diktsamling utselt på kort tid. Dette skjedde med I dråpar av lys som kom ut i I982. Denne diktsamlinga kom ut 23 år etter fyrste boka hans, Mistelteinen, som vart gjeven ut i I959. I I976 gav MAGNE MYHRA ut to bøker, barneboka Alltid noe å glede seg til og diktsamlinga Tusen år for ein tanke. I I978 kom romanen Sønn av en kvinne.

Velkomen


TIL EIT SENTRUM I VEKST

OG TIL EIT DISTRIKT I UTVIKLING

VELKOMEN OGSÅ I

VOSS SPAREBANK

DET NYE




Verdens enklaste kamera, med innebygd elektron-blitz

Berre kr. 490,–

KODAK disc 4000 kamera

HERHEIM *foto*

Morten Løberg



Fotografi har ikkje alltid vorte skikkeleg verdsett som kunstnarisk verkemiddel, sjølv om dette held på å forandra seg. Vossa Jazz har i år gleda av å presentera MORTEN LØBERG, eit kjent namn i nyare norsk fotografi. Han er fotograf og journalist, med fotografutdanning frå Romerike Yrkesskole I974, og sidan I980 har han hatt eigen verkstad og mørkerom på Frysja senter.
Ved sida av å arbeida med fotografi som kunstnarleg verkemiddel, er MORTEN LØBERG også medarbeidar i fotografi i Dagbladet og i tidsskrifta Fotografi og Fotoforum. Han var viseformann og juryformann i Forbundet Frie Fotografer I978/79, og styreformann frå I979 til I980.
Han debuterte som fotografisk kunstnar i I978, og hadde si fyrste separatutstilling i I980. Han har elles delteke på ei rekkje utstillingar i inn -og utland. I I979 fekk MORTEN LØBERG Statens reise- og studiestipend for kunstnarar, Norsk Fotografisk Fonds prosjektstipend og Akershus Fylkeskommunes kulturstipend. Han er mellom anna innkjøpt av Norsk Kulturråd, Preus Fotomuseum og Biblioteque Nationale,Paris.

Vårt utvalg i noter og plater
er verdt et besøk!
Skriftlig og telefonisk henvendelse
setter vi også pris på!!

MUSIKK-HUSET A/S
KARL JOHANSGT. 45 - OSLO

Tlf. 02-33.10.63.
02-33.48.97.

ESSO

BLUES UNION

Dette vert det fyrste møtet på toppnivå mellom norske og britiske blues-musikarar. Musikarane kjem frå to store "blues-land", Vestlandet og England. Den utan tvil leiande bluesgruppa i Noreg idag er Bergen Blues Band og i denne gruppa er John Magnar Bernes og Ole Thomsen sentrale musikarar. Frå England kjem Bill Coleman, Mel Thorpe og Pete York.

JOHN MAGNAR BERNES - vokalist og komponist, har vore leiar for BBB sidan I974. Med omfattande turnear og to LP-ar bak seg er han idag, etter fire år som heiltidsmusikar, Noregs fremste bluesmusikar. John Magnar komponerer for BBB, har skrive musikk til Bergen Band og bestillingsverk til NRK-radio. OLE THOMSEN - gitarist og komponist, har vore med i mange jazz- og rockegrupper som BBB, Danmarksplass Jazz&Rock og Itt spøtt i havet. Proff-musikar sidan I977, og han spelar i jazzgruppa Ny Bris og har også vore engasjert som musikar og komponist ved Den Nasjonale Scene i Bergen i tre år. MEL THORPE - fløyte, klarinett, saksofonar og song, byrja som aktiv musikar i slutten av 50-åra. Mel var med i Pete York Percussion Band og spelte også på det fyrste Hardin & York - albumet, og er no med i Pete York sitt band - New York. BILL COLEMAN - bassist og komponist, har vore proff i snart 20 år, og har vore med i tallause internasjonalt kjend rock-, blues- og jazzgrupper. Han har spela m.a. i Geno Washington band og Jimmy James & The Vagabonds, og har arbeidd mykje som session- og studiomusikar. PETE YORK - trommer, har i snart 20 år vore ein av dei best og mest allsidige tromme-slagarar i Storbritania. Han har delteke i Spencer Davis Group, duoen Hardin & York, og eit utal andre rythm&bluesvariantar. For ei tid tilbake gjesta han Noreg med sitt eige band New York.



Pete York



John Magnar Bernes

Advokat mna
GUNNAR SVARTVEIT
Vangsgt. 54, 5700 Voss
Tlf. 13 205

en Sentralbokhandel
Kjell Hansen Bok- og Papirhandel, 5700 Voss

Telf. 11 854 – Vangsgt. 40.



Ytre Suløen Jazz Ensemble

Ytre Suløens Jassensemble

YTRE SULØENS JASSENSEMBLE vart starta på øya Sula ved Ålesund i I973. Meininga med bandet var å spela på lokale jazzklubbar o.l., men etter opptreden i radio og fjernsyn vart det oppdrag fleire stadar i landet. I I974 spelte bandet på Vossa Jazz og på Molde-festivalen, og ikkje lenge etter kom den fyrste plata. Ny LP kom i I975 og i Molde det året var bandet engasjert saman med den amerikanske trompetaren Wallace Davenport. Stor suksess og fleire konsertar i Noreg. Davenport hadde med seg opptak og plater tilbake til New Orleans, og i I976 fekk bandet invitasjon til å delta i New Orleans and Heritage Festival - som det fyrste norske jazzorkester i historia med festivalengasjement i USA. På denne turen vart også bandet offesielle representantar frå Noreg i samband med høgtidinga av USA sitt 200-års jubileum.

Gjenbesøk frå New Orleans vart det same haust då Wallace kom saman med songarinna Aline Withe og pianistinna Olivia Charlot Cook. Det vart ein serie konsertar og også ei ny plate.

I I978 var Ytre Suløen på nok ein Amerikatur og seinast i november I982 var bandet i Hellas. Dei skandinaviske ambassadane inviterte og 7 konsertar vart halde i Athen.


Ytre Suløens Jassensemble har også hatt samarbeid med Det Norske Kammerkor og ungdomskoret SKRUK, også dette er å finna på plate.

I dei snart I0 åra bandet har eksistert har det sjølvsagt funne stad ei musikalsk utvikling, men musikken er framleis djupt rotfesta i New Orleans-jazzen. Dette er vel noko av grunnen til at bandet heile tida har vore populært hos eit stort publikum. Dei seks musikarane i Ytre Suløen har alle vore med frå starten: JARLE FØRDE - trompet, JENS ARNE MOLVÆR - clar/sax, HELGE FØRDE - trombone, EINAR AARØ - banjo/piano, STEIN ERIK TAFJORD - tuba, og OTTAR ANDERSON - trommer.

PARK
HOTEL
VOSS



Jazz/punk Ensemblet



Gitaristen JON EBERSON og altsaksofonisten ERIK BALKE har i lengre tid arbeidd med å få sett saman dette 14 mann sterke ensemblet. Eberson er musikalsk leiar og komponist og Balke tek seg av arrangeringa. Medlemmene i bandet utanom desse to er: JENS PETTER MOLVÆR - trompet, TORE BRUNBORG - tenorsax, TORBJØRN SUNDE og JENS WENDELBOE - trombone, FRODE ALNES - gitar, ATLE BAKKEN - tangentinstr., JON BALKE - piano, JON CHRISTENSEN, PÅL THOWSEN og BJØRN JENSEN - trommer, GEIR HOLMSEN og BJØRN KJELLEMYR - bass.

Ideen bak ensemblet er å setja to rytmeseksjonar saman i eit orkester og la dei spela anten mot eller med kvarandre, eller kvar for seg. Solistane kan så velja kva plan dei vil basera sine improvisjonar på.
Erik Balke seier at ordet pønk ikkje må takast heilt bokstavleg. Meininga er å seia at dette er noko nytt, samt at det skal gje inntrykk av at det er eit band med "trøkk".

Utan stønad frå Fond for Utøvande Kunstnarar hadde det ikkje vore mogleg å samla alle desse 14 musikarane til Vossa Jazz 1983.

VOSSA JAZZ PROG

FREDAG 11. MARS

kl. 17.00 Jazzkafeopning i Sosialkjellaren *Signe Seim og Magne Myhra (opplesing)*
Per Indrehus, Reidun Horvei, Andreas Friis

kl. 19.00 Konsert i Voss Kino *BLUES UNION med Pete York, Bill Coleman, Mel Th*
John Magnar Bernes

kl. 21.30 Klubb Leonardo, Park Hotel *Ytre Suløen Jass Ensemble*

kl. 21.30 Klubb Grillen, Park Hotel *David Murray Quartet med John Hicks, Ed Blackv*

kl. 21.30 Klubb Vossevangen Hotell *Son Mu*

kl. 21.30 Klubb Fleischer's Hotel *Jazz/punk Ensemblet*

LAURDAG 12. MARS

kl. 10.00 Eldretreff i Sosialkjellaren *Ytre Suløen Jazz Ensemble*

kl. 13.00 OPE HUS på Vossevangen Hotell *Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid (h*
Sextett - Ragnar Hovland (opplesing) - V

kl. 17.00 Konsert i Voss Kyrkje *Arne Domnerus Kvintett - Marit Carlsen med gruppe*

kl. 19.30 Konsert i Voss Kino *New Cool Quartet med Lee Konitz*

kl. 21.30 Klubb Leonardo, Park Hotel *Ytre Suløen Jass Ensemble*

kl. 21.30 Klubb Grillen, Park Hotel *David Murray Quartet*

kl. 21.30 Klubb Vossevangen Hotell *Son Mu*

kl. 21.30 Klubb Fleischer's Hotel *Jazz/punk Ensemblet*

kl. 20.30 Klubb Jazzkafe i Sosialkjellaren *Alkohol- og røykfritt alternativ i samarbeid m*
Tobakkskaderådet Halvdan Sivertsen og T

SUNDAG 13. MARS

kl. 14.00 Konsert i Voss Kino *Minnekonsert over Bill Evans av Egil Kapstad*
Egil Kapstad/Bjørn Johansen Kvartett, Den Norske Str

kl. 15.00 Voss Gymnas, barnetilskiping *Halvdan & Labbetuss*

kl. 18.30 Konsert i Voss Kino *Lester Bowie "From The Roots to The Source"*

kl. 21.00 Klubb Grillen, Park Hotel *David Murray Quartet*

kl. 21.00 Klubb Fleischer's Hotel *Jazz/punk Ensemblet*

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

GRAM

Friis-Jørgensen og Rolf Prestø (viser)
Thorpe, Ole Thomsen og


ckwell og Reggie Workman

d (hardingfele) - Kjell Hommedal
- Vestlandsfanden

ope

id med Edruskapsdirektoratet og
g Terje Nilsen - Cutting Edge

Strykekvartett og Sheila Jordan





THE GAMBIAN – NORWEGIAN FRIENDSHIP ORCHESTRA

Bergen Jazz Forums jubileumskonsert
Grieghallen lørdag 2. oktober kl. 19.30.

ODIN
MED FOKUS PÅ NORSK JAZZ

Deler av denne høyst minneverdige konserten kommer nå også på plate – på ODIN 06. Orkesteret, under ledelse av Knut Kristiansen (også ansvarlig for arrangementene), og bestående av en rekke av våre fremste jazzmusikere, supplert med ei ekte genuin afrikansk rytmegruppe, leverer her musikk som vil komme til å innta en sentral og viktig plass i den norske jazzhistorien. Også ut fra en større målestokk, vil denne afrikansk baserte improvisasjonsmusikken med en fantastisk levende rytmegruppe, kunne finne sin sjeldne plass.

For deg som var til stede er plata et "must", for deg som ikke var til stede:
Nå har du sjansen til å høre hva du gikk glipp av !!!

Høyr på platene:

Radka Toneff/
Steve Dobragoz
«Fairytales»
&
«Decennium
Bergen Jazz Forums jubileumsalbum

bd
Bergen Digital Studio
SKILLE og *SÆTRE*. Tlf. (05) 16 17 63 og (05) 16 53 15
Postboks 4367, N - 5013, Nygårdstangen, Norway
Bank: DnC, Bergen - konto 7401 20 48207

SON MU



Knut Kristiansen

Denne gruppa representerer ei retning innan norsk jazz og rock. SON MU utgjorde grunnstamma i salsaseminaret på Vossa Jazz I982. Musikken tek utgangspunkt i afrikansk og latin-amerikansk(salsa)musikk. Musikarane kjem frå både jazz- og rockemiljø.

OLAV DALE - saksofonar, er vel mest kjend frå Ny Bris. Olav har spela i mange ulike grupper i Bergen og har også arbeidd som musikar på teater og i studio, og har reist for Riks-konsertane. ARILD SEIM - gitar, har spela jazz og rock i Bergen i mange år. Han er mykje nytta av Rikskonsertane til turnear i heile landet. KNUT KRISTIANSEN - piano, er SON MU sin musikalske leiar. KK er lærar ved Bergen Lærarhøgskule og underviser i rytmisk musikk. Dei siste åra har han arbeidd mykje med afrikansk musikk og salsa, både i SON MU og i andre samanhengar. GAUTE STORAAS - bass, har bakgrunn som rocke-musikar og er idag ein av dei mest nytta musikarane i Bergens-miljøet både som bassist og som studiomusikar/arrangør. FRANK JAKOBSEN - congas, timbales og perkusjon, er ein av dei leiande trommeslagarane innan dagens norske jazz og jazzrock. Han spelar m.a. i Ny Bris og Cutting Edge. OLE HAMRE - trommer, har markert seg som ein dyktig musikar i vestnorsk rockemiljø og spelar i fleire ulike grupper.

VANG pensjonat

Utrågt. - 5700 VOSS

BO BILLIG
BO SENTRALT
BO GODT
BO VANG

Vi leverer snitter
og selskapsmat

Tlf. (055) 12 145

STOREBRAND NORDEN

Vangsgt. 6, 5700 VOSS

Tlf. (055) 11 995 - 11 522

Du bør spare i ein bank som er der du er - - og som er open alle kvardagar!



POSTSPAREBANKEN - banken på postkontoret -

MONS DISCO



PIZZERIA& DANCING

RONDO PENSJONAT
5700 VOSS. TLF. 055-11980

Kjell Hommedal Sextett

KJELL HOMMEDAL SEXTETT er husorkesteret til Voss Jazzklubb. Leiaren KJELL HOMMEDAL - piano, er veteran i jazzmiljøet på Voss. Han var mellom anna med å skipa Voss Jazzklubb i I958. GUNNAR ERIKSEN - saksofon, og IVAR KVÅLE - trompet, er også å rekna som veteranar. Gunnar var ein av dei fyrste formenn i jazzklubben og Ivar spelte mykje i klubben i byrjinga av 70-åra. JARLE HOMMEDAL - bass, har spela på Vossa Jazz tidlegare, då i Mjølsnes/Indrehus-gruppa. STEINAR RØTHE - trommer, har vore med i fleire samanhengar tidlegare m.a. i Molde og under Natt-jazzen i Bergen. IVAR VATNE - gitar, har spela i ulike saman-hengar i Tromsø.

Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid

HALLVARD T. BJØRGUM kjem frå Russtad, Hylestad i Setesdal. Han har lært spel av mange store spelemenn og viktigaste læremeistaren har vore far til Hallvard, Torleiv H. Bjørgum. I fleire år har Hallvard halde kurs for Setesdal Spelemannslag, og han vann landskappleiken på Hamar i I982.

GUNNAR STUBSEID er frå Austad i Bygland. Han har lærarskule-eksamen på musikklina ved Bergen Lærarskule og har arbeidd ved Arne Bjørndals Samling i Bergen. Gunnar har lært spel av fleire landskjende spelemenn m.a. Sigbjørn Bernhoft Osa. Gunnar er mykje nytta som lærar ved Ole Bull-akademiet på Voss.


Både Hallvard og Gunnar er med i gruppa "Slinkombas" som fekk Spelemannsprisen i I979 og gjesta Vossa Jazz i I980. Dei har og reist mykje for Rikskonsertane og har spela mykje i radio og fjernsyn.



Bøker
Papir
Skrivesaker
me har utvalet



Ragnar Hovland



I ein ny generasjon av norske forfattarar står Ragnar Hovland fram som ein forteljar med frodig fantasi og sprelsk humor. Han maktar å sameina ein gammal forteljartradisjon med impulsar frå fransk etterkrigslitteratur, og då særleg frå Boris Vian. Hovudpersonane i bøkene hans minner lite om den tradisjonelle romanhelten, men er heller antiheltar, nærmast ei blanding av ein picaro og den gode gamle bondestudenten.

For dei som har vokse opp i dei oppskrytte og utskjelte 60 -og 70 åra, er det vanskeleg å koma utanom musikken, det vil seia rocken, som har påverka og prega ein heil generasjon. Dette kjem også fram i bøkene til Hovland, der hovudpersonane ofte er musikarar, eller har nær tilknyting til musikk.

Humor har vorte drege fram som eit særtrekk i Hovland si dikting. Han brukar ikkje humor som eit lettvint stilistisk verkemiddel, men ved å bryta fiksjonen gjennom svart humor og innslag av surrealisme, får han fram kor sprøtt og tragisk livet kan vera, samstundes som han får lesaren til å tenkja.

Ragnar Hovland har vore med på Vossa Jazz tidlegare, det var i I977 då han saman med Are Guttelvik og Rolf Stenhjem frå TUN var med på den fyrste jazzkafeopninga.

I tillegg til Alltid fleire dagar (I979), Vegen smal og porten trang (I98I), og Sveve over vatna (I982), har Ragnar Hovland gjeve ut to barnebøker, Det får stå til (I980) og Den flygande sykkelen (I98I).

SAL AV!



Om du har vore på leiting etter ein skikkeleg pub på Voss...
Om du har opplevd eit verkeleg pub-miljø andre stader...
Ja, så har du sikkert gjort deg tankar om korleis din pub skulle vere.

Det har vi også.
Me har opna
STALLEN PUB på Hotell Vossevangen.
Etter mykje arbeid og finpuss er resultatet blitt akkurat slik vi hadde tenkt.

Vår pub har eit originalt og vakkert interiør. Vår pub speglar vårt eige lokale miljø, ikkje importerte og framande omgivnader.
STALLEN PUB er ein uformell møtestad der du kan stikke innom når som helst og slappe av med velsmakande forfriskingar.

STALLEN PUB har koselege båsar der opptil 20 personar kan hygge seg ilag rundt bordet.
I vår pub er det fyr på peisen og lune sitjeplassar tett inntil.
I vår pub er det visesong og gode artistar som set ekstra spiss på den stemninga det alltid vil vere i ein ekte lokal stampub.

SAL AV!
Kom innom og sjå om det stemmer med ditt bilete av ein god pub!

STALLEN PUB er open kvar dag frå kl. 12.00 til kl. 24.00.

Velkomen til

STALLEN
PUB
HOTELL
VOSSEVANGEN

Vestlandsfanden



VESTLANDSFANDEN er ei gruppe frå Haugesund som i løpet av utruleg kort tid har vorte kjend over store delar av landet. Gruppa har spela mykje i radio og har også vore å treffa i fjernsyn.
Gruppa er i fyrste rekkje ei frisk underhaldningsgruppe som med folkeleg humor, satire og ironi på programmet gir publikum musikk med meining. Vestlandsfanden har eit repertoar som stort sett er skrive av REIDAR BRENDELAND. Han er kanskje mest kjend for tekst og melodi til slagaren "Plukka plommer i Hardanger" og andre viser som vert nytta av etablerte artistar som Ivar Medaas og 3 Busserulls. Vestlandsfanden spelar og ein del britisk folkemusikk og nyttar seg og av tekstar til kjende Vestlandsforfattarar som Kjartan Fløgstad og Ingvar Moe.

Forutan REIDAR BRENDELAND - gitar og song, er desse med i Vestlandsfanden: ØYVIND STAVELAND - fele og fløyter, KJELL HENRIKSEN - mandolin, bouzouki og mandola, og ROBERT HORN - fenderbass og kontrabass.

Reidar Brendeland var med på Jazzkafeopninga på Vossa Jazz i I98I.



LIKTE DU KONSERTEN?

DOM HÄR SKIVORNA ÄR JÄTTEBRA!!

MARIT CARLSEN MED
ARNE DOMNÉRUS ORKESTER:
"FEELIN' SPIRIT"
ARNE DOMNÉRUS KVARTETT:
"EVERGREENS FRA KANAAN"
2 PLATER/KASSETTER
FRA KIRKELIG
KULTUR VERKSTED !



GRAVING
SPRENGING
BETONGARBEID

as Maskinoppdrag
AUTORISERT ENTREPRENØRFIRMA
Rute 4429, 5700 Voss


Kyrkjekonsert



Dette er fyrste gongen Vossa Jazz skipar til konsert i kyrkja. Konserten vil verta i to avdelingar. I fyrste delen får vi høyra ARNE DOMNERUS KVINTETT med ARNE DOMNERUS - klarinett, BENGT HALLBERG - piano, JAN ALLAN - trompet, GEORG RIEDEL - bass, og RUNE GUSTAVSON - gitar. Denne gruppa har spela i ei rad norske kyrkjer og er også ofte å høyra i radio.
Arne Domnerus arrangement av Pirko Lisa Larsens "Barnatro" er vel ein av dei best kjende melodiane.
Siste delen av konserten vert eit norsk/svensk samarbeid. Godspelsongarinna MARIT CARLSEN vil vera eit nytt namn for folk flest utanfor tradjazzmiljøet. Ho har tidlegare medverka på plate med Ytre Suløens Jassensemble, og har elles sunge i lag med Geirr Lystrup, Vårsøg og SKRUK (Sunnmøre Kristelige Ungdomskor). På Voss går ho til kyrkjes i lag med BJARNE NEREM - tenorsaksofon, HENNING JOHNSEN - trombone, STEIN ERIK TAFJORD - tuba, TOM OLSTAD - trommer, og ARNE DOMNERUS sitt ensemble.
Det er Kirkelig Kulturverksted i Oslo som står bak dette prosjektet, og konserten på Voss er den fyrste i ein større turne.

Vossa Jazz takkar
Fellesbakeriet for framifrå
bakverk til Jazz-kafeen

– og økonomisk støtte
til festivalen



New Cool Quartet med Lee Konitz



Møtet mellom denne norske cool-gruppa og altsaksofonisten Lee Konitz kan verta eit av dei store musikalske høgdepunkta under årets Vossa Jazz. LEE KONITZ er fødd i Chicago i I927. Si musikalske karriere starta han i det legendariske Claude Thornhill-orkesteret. I I949 spelte han i det kjende ti-manns-bandet til Miles Davis, som mellom anna sto for dei interressante "Birth of The Cool"-innspelingane. Omlag samstundes med dette eksperimenterte han mykje i lag med pianisten Lennie Tristano. I byrjinga av femti-talet var han medlem av Stan Kentons stor-band. I seksti- og storparten av sytti-åra spelte han meir sporadisk. Men frå slutten av sytti-åra har han igjen vore svært aktiv og spela i forskjellige og stilistisk sett moderne samanhengar.

Lee Konitz og pianisten Matial Solal delte ein konsert under Vossa Jazz 8I med NEW COOL QUARTET. Dette er ei gruppe som og tek vare på tradisjonane frå Tristano-skolen. Det vil seia at Tristano dannar utgangspunktet for kvartetten sin musikk, men på dette grunnlaget vert det både tematisk og i improvisasjonane arbeidd heilt i ytterkant og eigentleg svært så fritt.

På gruppa si LP-plate (Heilo 70I8) finn ein ikkje mindre enn tre låtar frå Konitz si hand. Det har forundra mange jazzvener at ikkje denne plata vart nominert til Spelemannsprisen i fjor.

Med i New Cool Quartet er JOHN PÅL INDERBERG - barytonsax, ESPEN RUD - trommer, ÅGE MIDTGÅRD - trompet, og BJØRN ALTERHAUG - bass, alle aktive musikarar i norsk jazzmiljø i lang tid.

DAGLEG FESTSPEL

Det er berre ei musikkform me likar like godt som jazz: Dei mjuke og velgjerande tonane som vert trylla fram på kassaapparata våre.

VELKOMEN TIL DAGLEG FESTSPEL HJÅ OSS!

MATBUA:
Kjøt, fisk, frukt og alle daglegvarer til rimelege prisar.

BUALOFTET:
Du finn ikkje maken på Voss: Gardin, sengeutstyr, handkle, dukar, arbeidstøy, regntøy, steintøy og kjøkkenutstyr.

JERNVARE/MASKIN:
Spesialtilbod på elektroverktøy, bygnings- og skogssager heile veka til ende.

Du finn oss midt på Vangen!

L/L VOSS HANDELSLAG

Cutting Edge




Bandet vart danna i I98I og markerte seg raskt som eit interressant namn. Ein av dei fyrste jobbane var som norsk utsending til EBU-festivalen i Århus. Seinare vart CUTTING EDGE nr.3 i tevlinga for nye jazzband, arrangert av den Internasjonale Jazzføderasjonen.
Her heime var bandet den store overraskinga på Kongsberg-festivalen i I982. Gruppa har også vorte godt motteke på turnear rundt om i landet og LP'en deira (ODIN LP-04) har også fått god omtale.

Bandet spelar musikk i grenselandet mellom jazz, rock og blues. Musikkforma er krevjande, ofte vert det ei opphoping av musikalske effektar. Dette har CUTTING EDGE klart å unngå ved å lage ein musikk som er prega av variasjon og økonomisering av verkemidla. Musikarane i CUTTING EDGE kjem frå ulike musikk-retningar: EDVARD ASKELAND - elbass, har bakgrunn i Bergen Blues Band og Danmarksplass Jazz&Rock og er mykje nytta som studiomusikar. MORTEN HALLE - saksofonar og fløyter, har leia eigne grupper og har spela inn plate med m.a. Marit Mathisen. FRANK JAKOBSEN - trommer, spelar fast i gruppene Son Mu og Ny Bris, og har elles spela med Joe Henderson, Phillip Catherine og Barbara Thompson. RUNE KLAKEGG - tangentinstrumenter, har i ei årrekkje leia eigne grupper. Han har m.a. spela med Guttorm Guttormsen, Espen Rud og Rob Waring. Rune har også arbeidd med teater, kabaret og dans som repetitør og musikar. KNUT VÆRNES - gitar, er mest kjend for duo-plata med Jon Eberson. Han har samarbeidd med Jan Garbarek og Jon Christensen på National-teateret og i studio.
Både Morten, Rune og Knut komponerer for CUTTING EDGE.

O.L. KYTHE A/S

ENTREPRENØRFORRETNING

Postboks 120 – 5710 Skulestadmo
TELEFON 11 973



Film er best på kino!

Martin Tvilde A/S


Fargehandel

OK Loven

Klær for dame, herre og ungdom

O.K. Loven A/S
Vangsgt. 41, 5700 VOSS
Tlf. 055-11 302

Halvdan Sivertsen og Terje Nilsen



Ikkje mange artistar har i seinare år klart å skapa så god kontakt med publikum som HALVDAN SIVERTSEN. Mykje av forklaringa på dette ligg utan tvil i at han er så allsidig.

Halvdan hadde alt gjort lokal karriere som rockemusikar og moromann i heimbyen Bodø, då platealbumet "Nordaførr" gjorde han landskjend. Vårvisa og Kjærlighetsvisa vert no rekna som klassikarar innan norsk visekunst, og er omsett til både svensk og dansk. Halvdan si neste plate, "Liv laga", fekk Spelemannspris.
Seinare har det vorte visebok og ei rad fjernsynsprogram m.a. saman med Labbetuss som har sjarmert både store og små over heile landet.

På Vossa Jazz har Halvdan med seg bassisten TERJE NILSEN, og saman spelar denne duoen i dobbelt forstand på fleire strengar.

NORSK
MUSIKFORLAG A/S

Stedet for jazzplater og noter.
Vi fører m.a. «Playalong»-plater og
annet undervisningsmateriell etc.

~~NB: Husk vår nye adresse:~~ Øvre Slottsgt. 10
~~(Tidl. Grøndahls lokaler)~~

VI SENDER OVER HELE LANDET

Norsk Musikkforlag, Postboks 1499 Vika, Oslo 1

Telefon (02) 68 41 40

KJEMPESALG PÅ JAZZPLATER!

Over 3.000 plater på salg

Skriv og be om liste

TOBA IMPORT

Boks 252, 5401 STORD
Tlf. (054) 15 841

Merk konv. «Jazz»

Egil Kapstad/ Bjørn Johansen Kvartett

Den Norske Strykekvartett

Sheila Jordan



Egil Kapstad

Festivalen i Molde i I98I baud på mange musikalske godbitar. Den beste av dei var kanhende konserten med Bill Evans trio. Kort etter kom meldinga om at han var gått bort. Nok ein sentral person i jazzhistoria hadde forlete oss.

I sitt minneprogram om Bill Evans tek EGIL KAPSTAD utgangspunkt i eit dikt av Bill Zavatsky, "Elecy". Musikken skal framførast av kvartetten EGIL KAPSTAD - piano, BJØRN JOHANSEN - tenorsaksofon, BJØRN ALTERHAUG - bass, og EGIL "BOP" JOHANSEN - trommer, DEN NORSKE STRYKEKVARTETT under leiing av ØRNULF BOYE HANSEN og den amerikanske jazzsongarinna SHEILA JORDAN.

Her skriv Egil Kapstad kva Bill Evans har hatt å seia for han:


"Mitt forhold til Bill Evans skriver seg fra I958. Noen av somrene mellom I950 og I960 ferierte familien min i Vollen i Asker. En kjær beskjeftigelse for en jazzinterressert ungdom bestod i å oppsøke en ensom knaus nattestid - i selskap med en reiseradio. Var skjebnen blid - fikk jeg inn Voice of Amerika - hvor de sendte en times jazz.

Her hørte jeg Bill Evans for første gang. Jeg visste at jeg aldri hadde hørt denne pianisten før og følte at nettopp dette pianospillet traff der det skulle.

Evans fikk stor betydning for mange pianister. Jeg regner ham som stilskaper - både som pianist og i formutviklingen av trio-spillet.

I takknemlighet - er det jeg nå vil prøve å skrive musikk - tilegnet Bill Evans."

Konserten på Voss er urframføring av dette bestillingsverket og har fått stønad frå Fond For Utøvende Kunstnere og Norsk Kulturråd.



Sylvmedaljevinnar i fagkonkurranse

den orginale



VOSSAKORV



* NILS G EITLE A/S
VOSS

SPESIALIST I SPEKEMAT

Lester Bowie's

«From the Roots to the Source»



LESTER BOWIE er fødd i St.Louis i I94I. Alt som I0-åring spelte han trompet på skulefestar og relegiøse møte. Seinare i oppveksten var han med i bluesband, rythm&blues- og soulgrupper. Då han kom inn på Universitetet i Chicago vart han med i kretsen av musikarar som kalla seg The Association for the Advancement of Creative Musicans. Her vart så Art Ensemble of Chicago danna.
Samtidig med arbeidet i dette ensemblet har Bowie samarbeidd med leiande jazzmusikarar både i USA og Europa.

Filosofien bak Lester Bowie sin musikk er at svart musikk ikkje har grenser. Båsar og etikettar er det dei kommersielle interressene som har laga.
Programmet han har med seg til Vossa Jazz femnar om alt frå fri jazz til godspel. Det er musikkhistorie og samstundes eit tverrsnitt av kva Bowie har spela tidlegare.

Med seg har han ARI BROWN - saksofon, ALBERT DAILEY - piano, JOHN MIXON - bass, PHILIPH WILSON - trommer, MARTHA og FONTELLA BASS og DAVID PEASTON - song.

Lester Bowie vil ta oss med på "a journy into great black music", ei reise vi trur vil overraska mange.

Til deg som var framsynt og har kjøpt B&O TV med fjernbetjening. No er det klart for Tekst-TV

Siden 1979 har Bang & Olufsen vært forberedt på Tekst-TV. Når NRK setter igang sine regulære prøvesendinger, vet du at Bang & Olufsens fjernbetjente Farge-TV har plass for en Tekst-TV-modul. Du behøver ikke kjøpe ny fjernbetjening når du setter inn modulen – også fjernbetjeningsenheten din er forberedt på Tekst-TV.
Hos oss kan du se hvordan Tekst-TV virker i praksis, samtidig som vi gjerne avtaler tid for montering av Tekst-TV-modul i ditt Beovision TV.



Eller, hvis du går i tanker om å kjøpe nytt TV, bør du vite at alle Beovision farge-TV fra Bang & Olufsen kan leveres med Tekst-TV.

Beovision farge-TV fra Bang&Olufsen

Montert heime hjå deg på Voss, fast pris kr. 1950,-.
Tillegg for reise til Granvin og Ulvik

ELEKTROSENTERET
M.O. MØLSTER
tlf. 11 122 — 11 135
VOSS

TILLUNG & CO.

VANGSGT. 8

FRUKT – TOBAKK – AVISER

VEKEBLAD

Drikk Coca-Cola REG. VAREMERKE

Have a Coke and a smile.

Coca-Cola. En real forfriskning.

Th. Jersin

Vangsgt. 8,
Agentur og lager

PÅ REISE?

Me ordnar alle slags reiser i inn og utland

NSB-REISEBYRÅ

Uttrågt. 32., Tlf. 055/11 835


Voss MOD'ELLE

VOSS DAMEKONFEKSJON A/S

Alt frå paste up til ferdig trykksak.








Voss Prenteverk A.s

Telefon (055) 11 628 – Postboks 297 – 5701 Voss



HUSKER DU BIRGER SULSBRÜCK FRA VOSSA JAZZ I FJOR?

Vi kan glede alle elskere av latinamerikansk musikk med at vi har hans meget etterspurte lærebok i latinamerikansk perkusjon. Boken koster kr. 98,-. 3 kassetter kr. 49,- (alle tre!). Vi har også instrumentene som skal til!

Klosteret 12,
5000 Bergen
Tlf. 05-21 61 05

Frikk DRUM SHOP

AG TO (RRA 24)

VOSS JAZZ

1. Jernbanestasjonen
2. Fleischers Hotel
3. Vossevangen Hotel
4. Park Hotel
5. Ungdomshallen
6. Voss Kino (billettkontor)
7. Jazzkafeen (Sosialbygget)
8. Taxi
9. Vang Pensjonat
10. Nøring Pensjonat
11. Ungdomsskulen

Voss Prenteverk, Voss